

Tilgang til internett på institusjon for eldre

Samfunnet har gjennom dei siste åra blitt meir og meir digitalisert. Dei styrande legg opp til at kommunikasjon og offentlege tenester i stor grad skal gå via nettet.

Dette gjeld alle aldersgrupper, også dei eldre.

Men i tillegg til offentleg kommunikasjon er det minst like viktig at eldre har tilgang til digital kommunikasjon og kontakt med familie og vener.

Dette let seg ikkje lenger gjere når ein vert bebuar på mange av institusjonane våre, som ein i dag veit ikkje har fullverdig tilgang til internett.

For mange eldre er t.d. «Skype» og «Facebook» lyspunkt i tilværelsen og ei viktig åre til kontakt med sine kjære. Fleire og fleire eldre har dei siste åra teke i bruk både smarttelefon og nettbrett. Det er blitt ein del av kvardagen deira.

Det er ikkje ein verdig eldrepolitikk å ta frå våre eldste desse moglegheitene.

Landskonferansen for fylkeseldreråd krev at alle kommunar legg til rette for fullverdig internett - tilgang på alle sine institusjonar.